

Tildeling av Kvinnherad idrettsstipend 2016.

24.10.2016



Skigruppa i UIL fekk 17.500 kr

**Kvinnherad idrettsråd har oppretta eit idrettsstipend for Kvinnherad, og no er den første tildelinga gjort. Dette gjeld den delen av stipendet som skal premiere breiddetiltak for barn og ungdom i dei lokale idrettslagene.**



Kvinnherad handballklubb fekk 15.000 kr. Bilde frå ferieklassen 2016

Stipendet skal støtte opp om tiltak som gir barn og ungdom idrettsglede og trivsel og som gjer det attraktivt å delta i idrett. Stipendet skal også bidra til samarbeid mellom idrettslag om arrangement, treningsstilbod og liknande for barn og ungdom. Breiddestipendet er bygd opp av lokale aktivitetsmidlar gjennom spelemiddelordninga.

I 2016 har det kome tre søknadar om breiddestipend. Alle søkerne stettar kriteria for tildeling, og felles for tiltaka er at dei utgjer ei ekstra satsing for gjøre det attraktivt å vera med på idrett og senka terskelen for deltagning. Kvinnherad idrettsråd har såleis delt breiddestipendet på dei tre søkerane på denne måten:

Kvinnherad handballklubb: Kr. 15.000,- til feriekubb og handballskule for barn i 2016 og 2017.

Rosendal rideklubb: Kr. 17.500,- til kjøp av utstyr for utlån under arrangement og leige av instruktør.

Uskedal idrettslag: Kr. 17.500,- til kjøp av utstyr for skitrening.

Styret i Kvinnherad idrettsråd gir søkerne honnør for arbeidet som vert lagt ned i deira breiddesatsing og ønskjer lukke til med gjennomføringa!

Idrettsrådet vil i tida frametter freista å få til eit samarbeid med verksemder i Kvinnherad for også å kunne finansiere eit elitestipend som skal premiera oppnådde resultat og stimulera til vidare satsing.

Meir om stipenda både for breidde og elite kan ein sjå her: <http://kvinnheradidrettsrad.no/idrettstipend>



Rosendal rideklubb fekk 17.500 kr

Tekst: Kvinnherad idrettsråd, Anbjørn Høivik, leiar.

Foto: Uskedal idrettslag, Kvinnheringen og Merete Lillesand

Nett: Thor Inge Døssland